



Statens vegvesen

Referat

Dato: 15.08.23
Tid: 09:00–10:30
Referent: AKE

Sakshandsamar:
Tlf sakshand
Vår dato: 16.08.23

E39 Liadal – automatisk freda kulturminne, referat frå møte 15.08.23

Møtenr:	
Stad:	TEAMS
Møteleiar:	Anni Kari Pedersen
Til stades:	Bjørn Ringstad og Arve Eiken Nyttun, Møre og Romsdal fylkeskommune, Anni Kari Pedersen og Astrid Karoline Eide, Statens vegvesen
Forfall:	
Kopi til:	Ørsta kommune, fagressurs kulturarv Tom André Edvardsen SVV

Punkt	Sak	Ansvar/Frist
	<i>Bakgrunn og formål med møtet var nærare avklaringar vedkomande aut. freda kulturminne i høve fråsegn frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 06.07.23.</i>	
	<p>Statens vegvesen har motteke informasjon per brev om at fylkeskommunen kan gi dispensasjon for frigjeving av dei aut. freda kulturminnelokalitetane i planområdet for E39 Liadal. Skrivet inneheld også ei vurdering frå Bergens museum.</p> <p>Det var behov for eit møte om vidare prosess og forløp, då det framleis stod noko uklart for både vegvesenet og Ørsta kommune om det ville vere behov for ei justering av plangrensene.</p> <p>Repr. frå kulturavdelinga orienterte om at reguleringsplanen ideelt sett bør strekke seg over heile dei aut. freda lokalitetane, men at dei mest verdfulle lokalitetane og tyngdepunkta av desse ligg godt innanfor grensene. Dei opplyste vidare at det ikkje er spesielt verdifulle «skalkar» som ligg att, og det må vurderast om desse skal slettast frå Askeladden (databasen for aut. freda kulturminne).</p>	
	Følgande vart konkludert med:	

	<ul style="list-style-type: none">• Behalde plangrensene slik dei førelåg ved høyring av reguleringsplanen.• Krav om arkeologisk gransking av kulturminne ID 139352, 139354, 145202 og 246513 er teke inn i føresegnene § 4 g) og vil bli gjennomført før igangsetting av prosjektet.• Vedtak etter kulturminnelova (KML) gjerast etter planvedtak.	
--	---	--